

DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger kyrkjelege fellesråd

deR 419
20080738 16.9.08
16-501

Postboks 159
6991 HØYANGER
Tlf: 57714100
Faks: 57714107

Kultur og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO


Kyrjekontoret 16.09.2008
Vår sakshandsamar: Bjørnar Otterstein
Vår ref.: 08/00020-003
Arkivkode: 002

UTTALE TIL HØYRINGSSAK STYRKA DEMOKRATI I DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege Fellesråd gjorde i sitt møte den 11.09.2008 i sak 029/08 slikt vedtak:

"Høyanger kyrkjelege fellesråd meiner at saka om styrka demokrati i Den norske kyrkja er sendt ut på høyring på eit svært ugunstig tidspunkt, og med for knapp høyringsfrist. Fellesrådet har såleis ikkje hatt mogelegheit til å setje seg inn i alle forslaga frå arbeidsgruppa, og vil difor ikkje kommentere desse. Vi er likevel på linje med det som Høyanger sokneråd skriv i sitt høyrings svar, angående reglar for val av sokneråd. Dersom ein ynskjer å styrkje demokratiet i kyrkja, bør reglane for soknerådsvalet snarast endrast slik at den som får flest stemmer vert først på lista over innvalde soknerådsmedlemer. Etter dagens reglar er det den nominerte sin plass på lista som avgjer soknerådsvalet, og ikkje kor mange stemmer han får. **På den måten er det nominasjonskomiteen (soknerådet) som avgjer valet gjennom sin nominasjon, og ikkje veljaren gjennom sitt val.**"

Venleg helsing


Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje i Høyanger